



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Fjord kommune  
Postboks 144  
6211 Valldal

16.10.2025

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
32-25

## **32-25 Høyringsuttale – ny arealdel til kommuneplanen i Fjord kommune jf sak 29-25**

Fjord kommune har vedtatt å sende planforslag for ny arealdel av kommuneplanen på høyring.

Plandokumenta er gjort tilgjengeleg for nedlasting og gjennomsyn på denne lenka:

<https://www.fjord.kommune.no/aktuelt/hoyring-av-ny-arealdel.71678.aspx>

Kommuneplanen sin arealdel består i dag av mange arealdelplanar. Eksisterande planar skal erstattast av ein komplett plan for arealet i heile kommunen, og prosessen skal etter kvart også samordnast med pågåande prosess med interkommunal felles plan for sjøareala i Stranda, Sykkylven og Fjord.

Frist for innspel er torsdag 16. oktober 2025.

### **Vurdering:**

Nesten heile den europeiske bestanden av villrein finn ein i Norge. Vi har derfor eit spesielt ansvar for å ta vare på og forvalte villreinen slik at også framtidige generasjonar kan oppleve levedyktig bestand av villrein. Reinheimen-Breheimen villreinområde er eit nasjonalt villreinområde og ein del av Europeisk villreinregion. Villrein er oppført som trua art på den globale raudlista og som nær trua på den nasjonale raudlista. Villreinen lever i eit ekstremt miljø og det skal lite til før villreinen blir forstyrra med negative effektar på kondisjon og arealbruk. Reinheimen-Breheimen villreinområde er vurdert til å ha middels kvalitet etter kvalitetsnormen. På lengre sikt er målet god kvalitet. Det er derfor viktig å legge til rette for at villrein kan få betre tilhøve i staden for å gi løyve til tiltak som kan ha negative konsekvensar for villrein

Delar av Reinheimen-Breheimen villreinområde ligg i Fjord kommune. Det er mykje villreinareal som ligg utanom Reinheimen nasjonalpark. Det er viktig at det blir teke omsyn til villrein i det komande arbeidet. Det kan ein til dømes gjera ved å legge til rette for å minimere menneskeleg ferdsel i viktige funksjonsområde for villrein.

Villreinområdet må bli lagt inn som omsynssone i plankartet, med konkrete føringar om at det skal bli teke omsyn til villrein. Kommunen bør også vurdere om nokre av retningslinene i den [regionale planen for Ottadalsområdet](#) skal bli teke inn som føringar i kommuneplanen sin

arealdel. Den regionale planen er ikkje juridisk bindande, og villreinområdet må bli teke inn i arealplanen i kommunen for å bli juridisk bindande.

I planarbeidet må kvalitetsnorm og stortingsmelding om villrein bli inkludert, t.d gjennom at det blir teke med i oversikten over statlege og regionale føringar.

**Vedtak:**


Delar av Reinheimen-Breheimen villreinområde ligg i Fjord kommune. Det er mykje villreinareal som ligg utanom Reinheimen nasjonalpark. Det er viktig at det blir teke omsyn til villrein i det komande arbeidet. Det kan ein til dømes gjera ved å legge til rette for å minimere menneskeleg ferdsel i viktige funksjonsområde for villrein.

Villreinområdet må bli lagt inn som omsynssone i plankartet, med konkrete føringar om at det skal bli teke omsyn til villrein. Kommunen bør også vurdere om nokre av retningslinene i den [regionale planen for Ottadalsområdet](#) skal bli teke inn som føringar i kommuneplanen sin arealdel. Den regionale planen er ikkje juridisk bindande, og villreinområdet må bli teke inn i arealplanen i kommunen for å bli juridisk bindande.

I planarbeidet må kvalitetsnorm og stortingsmelding om villrein bli inkludert, t.d gjennom at det blir teke med i oversikten over statlege og regionale føringar.

Helsing

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær